

Ny arbeidsbåt sjøsett på Eidsvik i dag.

05.01.2017



Arbeidsbåten er stroppa og klar for sjøsetjing.

Fitjar Mekaniske har i dag sjøsett ein ny arbeidsbåt på Eidsvik skipsbyggeri. Eide Marine sin løftekran og slepebåt kom til Uskedalen i går kveld for klargjering til det store løfte i dag i 12 tida. Fartyet er designa som HFMV som står for Heimli Fitjar Mekaniske Verkstad. Fartyet er no under slep til Fitjar for ferdigstilling,- innredning, elektro- og røyrrarbeid og til slutt testing før overlevering i slutten av februar månad.



Løftekran og slepebåt frå Eide Marine stod for sjølve sjøsetjinga og slepet til Fitjar i dag.

Arbeidsbåten er 15 meter lang, 12 meter brei og er den 12. i rekkja av båtklassen Sørfonn. Fartyet er spesialbygd for byggenæringa,- oppdrettsnæringa og for kai- og hamnearbeid. Etter ferdigstilling på Fitjar vert fartyet levert til redaren Stava Sjø i Sveio.

Dagleg leiar på Fitjar Mek, Hugo Strand, fortel til uskedalen.no at om lag 60 % av alt arbeidet er utført på Eidsvik i Uskedalen. Det vil sei alt skrogarbeid og montering av utstyr. Skroget er målt. Båten skal ha døgndrift med full innredning og fire lugarar, messe og byssa. Arbeidsbåten har to kranar, ein akter med ei løfteevne på 65 metertonn. Ein noko mindre kran er montert forut. Dessutan har fartyet ein vinsj med ei trekraft på 60 tonn.

Hugo Strand kan lova at verksemda på Fitjar vil få utført meir arbeid i Uskedalen. Det er enno noko uvisst kva type arbeid det vert, men det vert avklart med det fyrste.

Tekst/foto/mett: Kristian Bringedal